

TURPROGRAM 2024



Fyresdal Turlag
Aust-Agder Turistforening



Velkommen på tur med Fyresdal Turlag.

Fast møteplass er på parkeringa ved Fyresdal samfunnshus. Kle deg etter været, ha på gode sko, ta med mat, passende utstyr og kom i godt humør. Vi tek atterhald om endringar i oppsett program. Fylg oss på Facebook eller Fyresdal kommune sine heimesider under **Kva skjer** for oppdatera informasjon om kvar tur. Turar merka med * har bok på toppen. **Vi gjer merksam på at alle som er med på turen går på eige ansvar.**

Spørsmål, kontakt naturlosen for kvar enkelt tur, eller Gunhild Momrak, tlf. 957 91 511 eller e-post gmomrak@gmail.com.

I tillegg til turprogrammet har vi og turar på dagtid på onsdagar (ikkje i juli). **Turane på dagtid finn du bare på Facebook.**

Du kan også gå turar på eige hand, vi har 20 merka turstigar. Du kan kjøpe kart på Sporten Fyresdal, eller gå inn på UT.no



Skitur, Jåmsfjell 936 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. april	Birtedalen, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 9	Grethe Lassemo	977 88 988

Skitur i oppkørte løyper opp Fisketjønnskaret og utan løype over Bergstadjønn og opp til toppen. Full fart ned att i måneskinet.

Skitur, Øysteinsfjell 1179 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
4. april	Fjellgardane, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	6 / 13	Berit Bjaadal	959 14 225

Køyrer inn Fjellgardsvegen til Skålid og går på ski inn vegen til Fjellstøyltjønna. Variert stigning med flater innimellom. Vi tek ei matpause både på vegen opp og ned. Flott å renne ned att då det vanlegvis er slush snø.

Sitjefjell frå sentrum

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. april	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 5	Randi K. Momrak	994 68 425

Fin gåtur opp Sitjebakkane om Øyne og opp til Bergan. Flott utsikt frå Sitjefjell over heile sentrum. Ned att slepe til Kåse-grend.

Dåstjønnfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
16. april	Kilegrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 4	Helge Kiland	916 32 615

Parkerer ved Ron bru mellom Dåstjønn og Drang. Går på tørre og fine svafjell snaue 200 høgdemeter oppover i eit landskap med mange krokete og særmerkte furuer. Flott utsikt langs heile vegen. Litt annan veg ned att.

Bandakslı, rundtur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
23. april	Bandakslı, Tokke	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 8	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Køyrer ned til Bandakslı og går ein rundtur herifrå forbi gamle plassar og flott kulturlandskap. Går truleg opp bakkane til Askestøi. Våren er tidleg i Bandakslı så dette er ein fin vartur.

Haugsjånipen 514 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
30. april	Haugsjå, Nissedal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 5	Helge Kiland	916 32 615

Køyrer trekvart time til Haugsjå. Like etter "Haugsjå-skiltet" går det ein grusveg inn til høre der ein kan parkere. Stigen er godt synleg og er merka med raude band. Bratt stigning i starten. Held til venstre etter dei brattaste stigningane, og følgjer fjellryggen til toppen av Haugsjånipen. Nyt utsikten!!

Rindefjell, Noraberget og Grasnetten 650 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. mai	Nordbygda, Nissedal	P Samfunnshuset kl. 10.00	5 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer til 60 sona nord i Nordbygda og parkerer på ein liten avstikker frå vegen. Bratt og godt merka stig oppover med flotte utsiktspunkt, fyrst på Rindefjell, så Noraberget lengre opp. Her ser vi rett over til Hægefjell. Går vidare ein smal stig opp til Grasnetten på 650 moh og ned att via gardane i Nordbygda.

Skitur, Napuren 1284 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. mai	Skafsåheia, Tokke	P Samfunnshuset kl. 10.00	6 / 12	Gunhild Momrak	957 91 511

Etter om lag ein times biltur parkerer vi ved Hallbjønnsekken. Går eit par km i oppkøyrt flate løyper inn til Kuskarstøylen. Her startar bakkane opp Kuskar. Nokså flatt eit stykke etter Kuskar før det er nye motbakkar opp mot toppen. Dette er det høgste punktet i Fyresdal. Dersom skiføre er godt er det eit eventyr å renne ned att. Stigning ca. 470 høgdemeter.

Geitnetten 776 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7. mai	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 7	Gunhild Momrak	957 91 511

Går opp vegen frå Lie og den umerka fremre stigen mot toppen. Fint å ta kaffipause på toppen.

Langfjell Panoramasti 1163 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. mai	Treungen, Nissedal	P Samfunnshuset kl. 10.00	6 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer frå Prix i Treungen kl. 11.00 og går opp frå Gaurak som er like nord for Treungen. Bratt stig både opp og ned frå dette langstrekte flotte fjellet. Vi går nokre km og beundrar utsikten før vi kjem til ein flott varde. Der snur vi og går tilbake same veg men svingar innom den flotte sitjeplassen ved Hattetjønn. Ned att same vegen som vi gjekk opp. Denne turen er ei stor oppleving!

Berrfjell 1060 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
14. mai	Haugtremd, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 10	Berit Bjaadal	959 14 225

Parkerar ved Hærstad. Park.avgift. Fylger blå merking langs grusveg om lag 800 meter og deretter fin stig oppover lia med jamn stigning og mange kloppa parti. Fint å ta ein stopp ved den fine elva som ein kryssar. Vanlegvis er det greit å bruke jogglesko. Utsikta på toppen er enorm.

Lifjell til Bergland

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. mai	Kleivgrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	6 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi startar turen ved bomkassa ved Libru og går opp langs elva på DNT merka stig. Tek til høgre opp til Djupetjønn. Fylgjer fin fjellrygg oppover på Lifjell. Utsikten er flott på dette særmerkte og flotte fjellet. Tek ein liten avstikkar ned til ein spesiell og eldgamal varde før vi går ned att til Bergland. Det er spesielt å gå nedover i det vakre kulturlandskapet med murar og åkerreiner. På veggen ned frå Bergland tek vi truleg turen opp på Åhåmar og derifrå ned til Kleivi.

Napen 889 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
21. mai	Napevatn, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 6	Hans Haakenstad	480 78 026

Køyrer inn til bomvegen og fylgjer denne til Vestre Nape. Derifrå går vi om lag 1 km langs veg før stigninga mot toppen tek til. Fylgjer blåmerka stig oppover 360 høgdemeter før vi er oppe på denne flotte og særmerkte toppen med enorm utsikt. Same veggen ned att.

Tjønnefjell 1065 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
28. mai	Åslandsgrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Går den vanlege stigen opp Stigane og tek til høgre ved Tjønnekvævtjønnna og går opp langs ryggen til vardane på Flæune. Etter ei pause på toppen går vi ned att via Brøti og ned Granakjer. Fin rundtur ei kveldsstund.

Bygdedagen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. juni	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00		Sven Lie	472 67 200

Ein triveleg dag i Øyskogen og Folkestadbyen med eit yrande folkeliv. Turlaget trekker premiar frå topturbøkane, syner fram bilete frå turane seiste år og sel ballar til elvelotto. Sender ballane på åa kl. 14.00.

Roan 1191 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. juni	Hauggrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	4 / 8	Gunnbjørg Bergland	907 31 637

Køyrer opp til startpunktet i Røyningdalen og fylgjer den merka stigen oppover bakkane. Kjem opp i meir ope terreng etter kvart. Flott varde på toppen og ei fin tavle med info-kart over kva ein ser av fjell rundt. Same veggen ned att. Håper greplyngen blomstrar nå.

Bronberga / Jyddhomsfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
4. juni	Kilegrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 7	Helge Kiland	916 32 615

Parkerar ved Ångås langs Drang i Kilegrend. Går opp dei flotte svaberga, bratt oppover, til ein er oppe på kanten med ein fantastisk utsikt. Går vidare framover til Jyddhomsfjell der vi tek kaffipause. Ned att går vi lenger inn på fjellet. Passerar mange flotte og krokete furu og mykje flotte svaberg. Flott rundtur.

Hobufjell og evt. Kviptefjell 892 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
6. juni	Birtedalen, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	6 / 12	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyzer inn til Birtedalen og parkerer før Kvipt. Går turistvegen opp Kvipteskar, langs Blakstjønn til vegen delar seg ved Øksebrottjønnane. Tek til høgre nordover og fylgjer turistvegen eit stykke. Går vidare opp til toppen av Hobufjell på 952 moh. Er vi heldige er dette midt i blomstringa av den nydelege greplyngen. Etter ei kaffipause går vi kanten bratt ned att til utløpet av nedre Kjellebergjønn. Går så i sør-austleg retning mot austkanten av Kviptefjell. Då er det ikkje langt ned att til der vi har parkera bilane.

Prestedalen / Greivstادتjønn

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
11. juni	Hegglandsgrend, Fyresd.	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 7	Eva Greivstad	992 53 905

Køyzer inn vegen mot austre Nape og parkerer ved Bjåstøyl. Går stigen opp Prestedalen og finn restane etter støylen her. Går vidare opp til Greivstادتjønn til hytta til Eva og Olav Kjetil. Etter ei god pause her går vi ned att via hytta på Steane og fin stig tilbake til Bjåstøyl. Fin rundtur.

Hengeltjønn og Nasefjell 916 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
18. juni	Birtedalen, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 16.00	5 / 11	Grethe Lassemo	977 88 988

Denne flotte rundturen startar i vegkrysset i Løkjedalen i Birtedalen. Går lett fin stig inn til Hengeltjønn. Tek ein stopp ved turisthytta før vi fylgjer ein fin stig vidare langs Neirgardsvegen til det høgste punktet i retning mot Mjåvatn. Herifrå går stigen rett opp bratta til venstre opp mot Nasefjell. Det er tau og ein taustige til hjelp før vi er oppe. Går den merka stigen tilbake til Ljosdalstjønn der vi har sett att ein bil.

Osvassvarden til Fisketjønn

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
25. juni	Birtedalen, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 16.00	6 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyzer inn bomvegen ved Våmur og går stigen opp til Gunhild si hytte. Etter ein liten stopp der fylgjer vi rista opp til varden på Osvassheia på 940 moh. Etter ein stopp går vi sørover og etter kvart nedover fjellryggen mellom Fritjønn og Fisketjønn. Vidare ned til der Fisketjønnstøylen var. Fin stig herifrå og ned att til hyttefeltet. Litt krevjande kveldstur.



Rekefjellsnipa 910 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. juli	Torsdalen, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	5 / 7	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyser inn til Øysæ og set att ein bil i nærleiken av dammen og går frå Mørketjønn. Dette blir ein rundtur der turmålet er Rekefjellsnipa på 910 moh., ei stigning på 250 m. Går truleg ned mot dammen og ser om vi finn Rekedalstøylen.

Rauhelle / Skåpi

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
4. juli	Hauggrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	7 / 16	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyser inn bomvegen til enden av Rolleivstadvatn. Går på fin stig/slepe forbi Sveigstøylane, øvre Smedbu og oppover mot ytre Valevatn. Bratt opp mot Flottefjell før vi går til Rauhelle også kalla Skåpi på 1071 moh. Går om lag same vegen tilbake. Dette er ein lang og litt krevjande dagstur.

Sandviksnipa og Russfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. juli	Napevatn, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	5 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi køyrer inn til Austre Nape om lag 10 km frå sentrum og parkerer ved Vistøylhytta. Fylgjer fin slepe oppover lia til vi er oppe i 900 meters høgde. Tek til høgre på toppen og går vidare utan stig bort til den flotte varden på Sandviksnipa. God utsikt til Napen og Napevatn. Vidare går vi austover til den store og flotte varden på Russfjell på 1000 moh. Flott tur med god utsikt. Same vegen tilbake.

Padletur på Valebjørgsheia

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
13. juli	Valebjørgsheia, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	5 /	Gunhild Momrak	957 91 511

Ein fin dagstur i kajakk langs eventyrlege Midtvatn på Valebjørgsheia. Her er det fullt av øyar, bukter, kilar og oddar som er fine å padle til. Nok av fine plassar å legge til land og fint å bade. Fiskekort kan kjøpast dersom ein har lyst på å freiste fiskelukka.

Grasstøylfjell 954 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
16. juli	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	5 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyser innover vegen mot austre Nape og parkerer i slepa som går til Stemtjønn. Fylgjer slepe og deretter dårleg stig til vi er oppe på rista mot Grasstøylfjell. Må ned i eit dalsøkk før vi er oppe på den flotte varden. Rundtur eller same vegen tilbake.

Ufsehomfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
23. juli	Fjone, Nissedal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 7	Geir Dale Fjalestad	416 31 606

Vi kører til Fjone og mot Treungen ca. 40 km herifrå. Dei som kjem sørfrå møter direkte ca. kl.18.00. Turen går langs merka stig bratt oppover flotte svaberg med krokete furu. Utsikten er fantastisk oppover langs fjellet. Vi går slepe ned att og kjem ned på stigen som går mot Kronfjell. Like før ein kjem attende til bilen passerer ein gamle helleristningar på venstre side. Her kan ein blant anna sjå omrisset av den dansande mannen.

Skjevleheia 903 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
30. juli	Gausvatn, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 7	Gunhild Momrak	957 91 511

Kører inn bomvegen mot Gausvatn. Parkerer ein bil ved Stemtjønn. Kører vidare til Votnæ og går opp ved hytta på Dydding. Meir eller mindre bratt til vi er oppe på Skjevleheia. Det er nokså flatt på toppen med 2 "toppar" på litt over 900 moh. Går ned att ein fjellrygg mot Stemtjønn. Fin tur med flott utsikt.

Fiskevotna, Fisketur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. august	Kilegrend vesthei, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	6 / 7	Helge Kiland	916 32 615

Kører inn bomvegen til Bindalen og fylgjer fin stig inn til gapahuken. Litt stigning oppover til Fiskevotna. Med Fiskarhytta til Helge som utgangspunkt er det fine moglegheiter til å rusle rundt med fiskestonga eller bare nyte ein fin dag på heia.

Topptur Torsdalsfjell 997 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
6. august	Torsdalen, Kleivgrend	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Kører til Torsdalsdammen og går stigen mot Gaukås. Tek til venstre før vi er ved den fyrste tjørna og finn ein tydeleg god saueveg bratt oppover på det flotte Torsdalsfjell. Stigen går slik at det er flott utsikt heile veggen oppover, opp forbi Soltjønn og opp til toppen, der det er stort og flatt. Går ned att mot nord-aust og kjem inn på stigen til Gaukås litt høgare opp. Ein flott rundtur og lettare enn den til Gaukås med ei stigning på 360 m.

Storfjell 808 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
13. august	Fjalestad, Nissedal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Om lag 40 minuttars biltur langs Napevatn og opp til toppen av bakkane på nordsida. Dette er ein av dei flottaste turane vi har med 95% flotte svafjell. Fint å gå med joggesko. Vi passerer det høgste punktet før vi går fram til ein flott varde heilt ut på fjellet. Her ser vi rett ned til Fjalestadgrenda og utover heile Fjonemøane, som er eit stort innlandsdelta. Turen er fin og passar både for store og små.



Brutjønn / Staursfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
20. august	Birtedalen, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	5 / 8	Grethe Lassemo	977 88 988

Parkerer ved Brutjønn sitt utløp 602 moh. Går på vestsida av Brutjønn og opp langs den flotte Langfoss til Ufstjønn. Kryssar vassdraget og fylger eit dalføre opp til toppen av Staursfjell på 770 moh. Derifrå ned att mot Roskoglia. Held deretter vestover mot hyttefeltet på Gakkskil og ned att til bilane ved Brutjønn. Dersom stor vassføring må turen endrast litt.

Stigane til Fåtjønnyrane

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
27. august	Åslandsgrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 6	Åse Breiland	924 85 094

Set att ein bil ved krysset til Graver. Går frå enden av bilvegen og fylger vegen mot Tjønnefjell. Tek til venstre opp bakkane og fylger lia sørover til Fåtjønnyrane. Går bratt veg ned att til øvre Graver.

Tveitli / Stemtjønn / Lie

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. sept.	Veum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 6	Berit Bjaadal	959 14 225

Køyrrer til Tveiten i Liegrend og går på bratt slepe oppover Tveitli til Grånåsen (824 moh). Her ser ein innover Lieheia og Berrfjell. Vi går i terrenget - i lyng og på berg, utan stig - mot Stemtjønn. Frå Stemtjønn går vi ned Stemberget og inn på stig til Lie og derifrå vegen ned til Tveiten.

Høydalen, Nystøyl til Ramsvatn

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
5. sept.	Kleivgrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	7 / 15	Gunhild Momrak	957 91 511

Parkerer ved Ramsvassvegen og går mot Ramsvatn. Tek vegen opp til høgere til Høydalen og går inn langs tjørna og opp bakkane til turisthytta på Nystøyl, der vi tek ei pause. Går den raud-merka stigen vidare mot Bervatn. Når vi kryssar sauegjerde går vi mot Ramsvatn langs sauegjerde og bratt ned Austmannalia. Passerar Ramsvatn og fylger vegen tilbake til bilane. Dette er ein fin rundtur.

Åbogsfjell 854 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
10. sept.	Valebjørghsheia, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	4 / 5,5	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrrer inn vegen mot Fiskebustøylen på den flotte Valebjørghsheia. Går opp den merka stigen til toppen. Går gjerne bort til den nordre toppen for å sjå på den flotte utsikten mot Våmur og nordover mot Fyresvatn.

Valevassberga

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. sept.	Hauggrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 7	Gunnar B. Grunnvik	913 93 558

Går opp fin stig i enden av Røyningdalen. Jamn stigning til vi er oppe på dei flotte Valevassberga. Truleg same veg tilbake eller kanskje om Kvæven.

Stavsheia

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
24. sept.	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 5	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyser 7-8 km inn vegen mot Austre Nape. Parkerer fram på bakkane før vi går ei slepe oppover mot Stavsheia. Flott utsikt mot Napen m.m. når vi er oppe.

Øynuten topp 538 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. oktober	Kilegrend, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	2 / 3	Helge Kiland	916 32 615

Parkerer like før Øyne Camping i Kilegrend og går opp den bratte slæpa. Fin stig vidare til toppen med flott utsikt.

Igletjønnuten 946 moh* og den store steinen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. oktober	Momraksheia, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	6 / 9	Gunhild Momrak	957 91 511

Går opp den bratte merka stigen til Igletjønnuten. Vidare ned den søndre ryggen til Storsteinane og blåmerka stig sørover til Futelia og Brautestøyrlista. Mange fine plassar å nyte fint terreng og utsyn. Bratt ned til Brautestøyl og stigen ut til Raublæsberga. Mykje fine svaberg og flott utsikt over Fyresvatn før vi kjem opp til den store steinen. Merka stig tilbake til stigen der vi kom opp. Reknar med at det blir kaffibål undervegs.

Libakkane og Sitje

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
8. oktober	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 7	Mona Verina Lofthus	995 16 552

Går opp Libakkane frå sentrum til bommen ved Kvistekåsa. Etter kaffipausa går vi ned traktorslepa til Høgevoll og Sitje. Ein fin rundtur.

Momraksrend, rundtur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
15. okt.	Momrak, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Set ned bilane ved saga til Halvor. Går opp slepa til Mosevegen og til gardsvegen til Momrak. Går ned jordet på Søgard Momrak og følgjer fin stig langs vatnet tilbake til Nordstog Momrak.

Birtevatn, gapahuk

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
22. okt.	Birte dalen, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 4	Grethe Lassemo	977 88 988

Parkerer ved Birte og går den nye stigen langs vatnet til ein flott gapahuk som er sett opp på dugnad. Kan hende vi går litt lengre på stigen om vêret og føre passar.

Veum - Gjerlid, rundtur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
29. okt.	Veum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 5	Sven Lie	472 67 200

Frå kyrkja på Veum går vi vegen opp til Søgard Veum og fylgjer derifrå slepe gjennom skogen fram til bilveg som vi fylgjer oppover forbi Nordli fram til Gjerlid der vi tek kaffipause. Går vegen ned att til bilane.

Toppturkveld

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
5. nov.	Sentrum, Fyresdal	Kl. 18.00		Sven Lie	472 67 200

Mimring over turane vi har hatt i år og planlegging for neste år. Servering av kaffi og kaker.

Napetjønn, rundtur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7. nov.	Napevatn, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 10.00	4 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Parkerer bilane i tunet på austre Nape og går vegen ned langs gamal kulturmark, langs flotte steingjerde og fine vegar rundt Napetjønn. Kaffipause tek vi på dei flotte svaberga der Napetjønn renn ut. Går på dei fine bruene og tilbake til gardane.

Skoret / Skøri

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
12. nov.	Snarteland, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 3	Mona Verina Lofthus	995 16 552

Vi går den bratte stigen opp Ovnen til den gamle plassen Skoret eller Skøri på bygdemål. Truleg fyrar vi bål i røykstova og kokar kaffi der.

Hegglandsnetten 272 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
19. nov.	Hegglandsgrend, Fyres.	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 5	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Går opp slepe og stig frå Geitstadbakkane, 250 m stigning til vi er oppe på denne fine toppen med flott utsikt utover bygda. Fin gapahuk med ved og bålpanne. Same vegen ned att.

Sitje - Vadligrend

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
26. nov.	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Går frå sentrum opp Sitjebakkane, forbi Nordgarden og Undeberg. Ned forbi SØ-Vadli og tilbake i Kåsegrend.

Kåsegrend og Hamaren

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. des.	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 6	Mona Verina Lofthus	995 16 552

Går ein rundtur i Kåsegrend og til utekjøkkenet i Hamaren Aktivitetspark. Går opp tretoppvegen til toppen dersom snøtilhøva tillèt det.

Hegglandsnetten 272 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
5. des.	Hegglandsgrend, Fyres.	P Samfunnshuset kl. 10.00	3 / 5	Gunhild Momrak	957 91 511

Går opp slepe og stig frå Geitstadbakkane, 250 m stigning til vi er oppe på denne fine toppen med flott utsikt utover bygda. Fin gapahuk med ved og bålpanne. Same vegen ned att.

Kåsegrend og Hamaren

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
10. des.	Sentrum, Fyresdal	P Samfunnshuset kl. 17.00	3 / 4	Berit Bjaadal	959 14 225

Seiste turen i år og avslutning med mat ved utekjøkkenet. Går opp tretoppvegen til toppen dersom snøtilhøva tillèt det.







Fyresdal Turlag
Aust-Agder Turistforening



Kontaktperson: Gunhild Momrak
Mobil: 957 91 511
E-post: gmomrak@gmail.com

Alle foto: Grethe Lassemo